



Ordfører Synnøve Solbakken møtte mellom andre uskedelingen Magne Grindheim. Han lagar Uskedalshus! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette har vore eit svært vellukka besøk. Kvinnherad kommune er heldig som har AFA.

Det uttala ordførar Synnøve Solbakken etter at formannskapet i morgontimane torsdag besøkte Uskedal-verksemnda som gjev arbeidstilbod til yrkeshemma som ellers ikkje ville hatt noko slikt tilbod..

Politikarane vart grundig orientert av dagleg leiar Tor Vidar Sæle og han fekk ros av ordføraren for iver og engasjement og "kjempegode haldningar". Sæle jobbar for tida hardt for å få fem "avklaringsplassar" til AFA. Dei vil tilføra bedrifta over 600.000 kroner. På Stord har dei slike plassar der folk oppheld seg i påvente av hva som skal skje med dei vidare i livet. Skal dei få uføretrygd? Eller skal dei attende til arbeidslivet?.

- Men kvifor senda dei til Stord når vi kan ha dei her, spurte Sæle. Han har så langt fått svært positive signal om avklaringsplassane.

Det er no 27 arbeidsplassar og ein stab på seks leiarar ved AFA som i fjor hadde eit driftstilskot frå det offentlege på vel tre millionar kroner. 25 prosent av det kom frå kommunen og det er ein minimumssats på landsbasis der gjennomsnittet er 30 prosent. I fjor hadde AFA 24 plassar og to på venteliste, men NAV oppretta tre nye plassar og no står det fem på venteliste.

Kravet til dei AFA-tilsette er at dei skal klare seg i det daglege livet og ikkje ha trong for å bli passa på heile tida. . Dei som blir teke inn er folk som anten har uføretrygd eller er på veg til å få det.

- Vår inntakslinje er spesiell for oss, andre ligg på ein annan linje. Vi vil ha dei som verkeleg treng det. Vi må ikkje koma dit at dei svakaste blir stua bort. Vi tek vare på dei slik at dei blomstrar. Før vart dei gøymt i eit skåp, sa ein entusiastisk Sæle, som streka under at kommunen "tener svært mykje på at vi har dei svakaste her"

Han presiserte at AFA ikkje skal ha forteneste. Dei 27 er ansatt på heiltid og dei lagar fullverdige, konkurransedyktige produkt og får ei viss løn for det. Men dei blir trekte i løn hvis dei ikkje møter fram. Til jobben

kjem dei i buss – AFA pungar ut med nesten 100.000 i året til skyss med Tide.

Verksemda har mange produkt, Til dømes driv dei vaskeri og jobbar med saum og vevnad, lagar gjerde, støyper urner og produserer fundament til benker og bord. Og så lager dei mangt i tre – for tida til dømes Uskedalshuset til varmepumper. - Det kan bli tusenvis av slike hus, sa Sæle, som la til:

- Men i alt vi gjer har vi tid til å bruke tid, det er ikkje ønskjeleg at hjulet vårt går så fort rundt. Eg vonar at kommunen er av same meining.

Det var ingen som protesterte på det.

Av Ola Matti Mathisen



Dagleg leiar Tor Vidar Sæle og Trude Skogtun frå Herøysund fortel ordførar Synnøve Solbakken, varaordførar Synnøve Handeland og rådmann Trond Sætereng om produksjonen av kjekke stolar. (Foto: Ola Matti Mathisen)